



Husebø Bernt Johan  
Husebøvegen 54  
5917 ROSSLAND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/2076 - 17/17372

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@meland.kommune.no

Dato:  
04.09.2017

## Godkjenning av statleg tilskot til drenering av jordbruksjord på GBNR 54/1 på Husebø

**Administrativt vedtak. Saknr: 236/2017**

### Saksutgreiing:

Bernt Johan Husebø driv foretaket 969 317 001 og søker statleg tilskot til drenering av jordbruksareal på GBNR 54/1. Søknaden vart først motteke 14.03.2017, men er seinare vorte revidert og utvida . Husebø er heiltids gardbrukar og driv med mjølk- og kjøttproduksjon. Arealet som det er søkt tilskot til er ei 11 daa stor myr som var grøfta for 20 år sidan. Det er trong for å ein del sidegrøfter og for å reinska hovedkanal/Bjøllebekken som renn til sjø. Totalt er det 1050 meter grøft som vert systematisk grøfta og 380 meter med kanalrensk. Arealet som er påvirka av grøftinga er 11 daa i tillegg til eit beiteområde på om lag 23 daa som har avrenning til Bjøllebekken.

### Vurdering:

Saka er handsama etter delegert mynde frå kommunestyret. Kommunen avgjer søknade, men fylkesmannen står for utbetaling av tilskotet. I jordbruksoppgjeret 2017 vart partane samde om å auka tilskotet til kr. 30 pr. lm for usystematisk grøfting og kr 2000 pr. daa med systematisk grøfting . Kommunen hadde motteke søknaden før fristen 1. juli, men ikkje handsama den. Søknaden vert difor løyvd med dei nye satsane.

Tiltaket vil gje ei generell forbetring av jord- og plantekultur, noko som kan gje større avlingar av betre kvalitet. Drenering vil kunne gje betre utnytting av gjødsel, samt mindre avrenning av nærings salt og redusert utslepp av klimagassar. Tiltaket har positivt effekt på kulturlandskapet, då areal som er godt driven gjev betre opplevingskvalitet enn vassjuka areal .

### Berekning av tilskot

Søklar har målt opp avstanden mellom grøftene og kommunen har utfrå hans opplysningar teikna dette inn på kart. Nøyaktig plassering av grøftene er difor noko usikker, men tal meter grøft er relativt sikkert. Det er 1050 meter med systematisk grøfting og 380 meter med kanalrensk.

Tilskottet pr løpemeter grøft skal avgrensast til kr. 2000 pr daa. Kommunen legg til grunn at arealet det fulldyrka arealet på 11,2 daa må sjåast på som systematisk grøfting og at tilskottet vert sett til 22 400. I tillegg kjem kanalrensk som er på 380 meter frå utløp av myra og til sjø. Dette utgjær kr 11 400.

Sum tilskot vert sett til kr. 33 800,-

### *Kulturminne*

Kommunen har sjekka arealet opp mot freda kulturminne på gardskart, og det er ikkje registrert konflikta med kjente kulturminne. Kart har vore forelagt kulturkonsulenten i kommunen som ikkje kjende til at grøftearbeid kunne koma i konflikt med kulturminner, han opplyste om at denne typen myrareal hadde mindre potensiale for funn. Kommunen har vurdert det slik at det ikkje er naudsynt å senda søknaden på høyring til fylkeskommunen.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

### *Naturmangfaldlova*

Det er gjort søk i Naturbasen og det er ikkje registrert opplysningar om artar eller naturtypar, som kjem i konflikt med dreneringa. På to nabobruk er det registrert observasjon av stær som er ein nær trua art, men dette er eit stykke i frå og kommunen ser ikkje at grøftinga vil medføre negative konsekvensar for denne arten. Kommunen vurderer kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg opplyst for å vurdere konsekvensar dreneringa med tanke på naturverdiar. Administrasjonen kan ikkje sjå at dreneringa vil ha andre negative verknader.

Generelt gjeldt det at alle inngrep som blir gjort i samband med dreneringa, skal utførast mest mogleg varsamt og med omsyn til terreng og vegetasjon. Ut frå ei samla vurdering meiner administrasjonen at det er tatt naudsynte omsyn til naturmangfaldet jf §§ 8-12 i naturmangfaldlova.

### *Konklusjon*

Drenering er eit viktig klima- og miljøtiltak, og tiltaket vil gje lettare arbeidstilhøve og større avling av betre kvalitet. Det er ikkje registrert at tiltaket kjem i konflikt med viktige kultur- og naturverdiar.

Administrasjonen meiner tiltaket er i tråd med føremålet til forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord og løyver kr. 33 800,-i statstilskot til tiltaket

### **Vedtak**

Meland kommune løyver inntil kr 33 800 i statstilskot til inntil grøfting av 11,2 daa og 380 meter kanalrensk til Bernt Johan Husebø på gnr. 54, bnr.1 i tråd med søknad motteke 14.03.2017.

Arbeidsfrist er sett til 01.10.2020

Vedtaket har heimel i forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord § 5 jf §3, forskrift om produksjonstilskot §4 og naturmangfaldlova §§ 8-12.

Generelle vilkår for løyvinga:

Dersom ein under gjennomføring av tiltaket støyter på automatisk freda kulturminne, skal arbeidet stansast og regionalt kulturminneforvaltning kontaktast.

Arbeidet skal godkjennast av kommunen,

Dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for støtte kan Meland kommune avgjera att tilskot skal betalast tilbake heilt eller delvis.

Kommunen skal godkjenna arbeide, gje difor melding til kommunen når arbeidet er ferdig. Minst 30 % av tilskotet skal haldast attende til tiltaket er ferdig.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fv). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fv. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Laila Bjørge  
landbrukssjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Hordaland

5020

BERGEN

**Mottakere:**

Husebø Bernt Johan

Husebøvegen 54

5917

ROSSLAND